



Knarvik, 22. april 2015

**Lindås kommune**  
v/ Rådmann

**Lindås kyrkjelege fellesråd - Søknad om ekstra - løyving til reparasjon av taket på Hundvin kyrkje**

Lindås kyrkjelege fellesråd fatta i sitt møte 24. februar 2015 slikt vedtak i *SAK 17/15 Framlegg til prioritettingsliste investering / større vedlikehald / utskifting 2015:*

1. Lkf ber kyrkjeverja om å sende søknad til Lindås kommune om NOK 900.000 eks.mva til reparasjon av tak og tårn på Hundvin kyrkje.

Bakgrunnen for søknaden er som tidlegare meldt konstatering av skader på så vel skifer, takpapp, lekter og nokre stader sutak. I tillegg kjem skader oppstått under stormen «Nina» som før til dels hardt med tårnet på kyrkja.

I søknad av 19. september 2014 meldte fellesrådet at ein ville trenge ca NOK 1.2 mill til å skifte den delen av taket på Hundvin som er i därlegast forfatning. Lkf har no henta inn fornya pristilbod på taket som er på knappe NOK 700.000 eks mva under føresetnad av gjenbruk av eksisterande skifer med tilskot av ein del skifer som ligg lagra ved Hundvin kyrkje. Dessverre kjem så utbetringar av tårnet på kyrkja i tillegg; berekna til NOK 200.000.

For nærmere opplysningar bes Lindås kommune kontakte underteikna.

For Lindås kyrkjelege fellesråd

Torgeir Paulsen  
kyrkjeverje